



Fedje kommune  
Stormarkvegen 49  
5947 FEDJE

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/892 - 19/11528

Saksbehandlar:  
Sveinung Kvamme  
sveinung.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:  
02.08.2019

## Avtale knytt til garanti Aufera AS

Radøy kommunestyret har gjort vedtak om å gje kommunal garanti til Aufera AS i samband med kjøp av nye lokale til verksemda. Vedlagt følgjer kopi av sakshandaminga. Fylkesmannen i Vestland har godkjent garantivedtaket.

I vedtaket er det føresett at Austrheim og Fedje tek «sin del» av mogelege utbetalingar under garantien.

Kommunalbanken har meldt tilbake at garantivedtaket må vera utan atterhald på nokon måte. Det inneber at kommunestyret i Radøy må handsama saka på nytt. For å kunna gjera vedtak utan atterhald, må det liggja føre signert avtale om deling av garantiansvar med Fedje og Austrheim. Vedlagt følgjer utkast til avtaledokument. Vi legg til grunn at avtalen må godkjennast av kommunestyret i Austrheim og Fedje.

Radøy kommunestyre har neste møte 3. oktober, og vi ber om at avtalen blir godkjent og signert snarast råd, slik at saka kan handsamast på nytt 4. oktober.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Sveinung Kvamme  
økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Kommunal garanti for lån Aufera AS  
Avtale garanti Aufera 2019

**Mottakarar:**

Austrheim kommune  
Fedje kommune

Sætremarka 2  
Stormarkvegen 49

5943  
5947

AUSTRHEIM  
FEDJE